



Mariamusikk: ei flott oppleving både for publikum og aktørar.

Kyrkjekonserten som Rosendal Songlag og Røysterrett for alle baud inn til i Kvinnherad kyrkje søndag kveld, vart ei flott oppleving både for publikum og aktørar. Kyrkja var fullsett under den første konserten, og det var svært godt publikumsbesøk også under den andre førestillinga.



Gjermund Fredheim og Maria Malmsten imponerte nok ein gong. Denne gongen i samspel.

Konserten var todelt. Første del, som i hovudsak inneheldt instrumentalmusikk, opna med eit nummer av fløytesten Anne Guri Frøystein frå Odda. Ho framførte nummeret, vakkert musisert med fyldig og god klang, og gav konserten ein god start. Så gjekk det slag i slag. Ho vart avløyst av ein annan ung profesjonell muskar, uskedelingen Gjermund Fredheim. Det eminente gitarspelet hans kom verkeleg til sin rett då han spela to stykke i den gamle steinkyrkja. Fredheim framførte og tre stykke saman med Maria Malmsten, i dette tilfelle som imponerande songar og mezzosopran. Første avdeling vart runda av med to fløyteduettar; tidlegare nemnde Anne Guri Frøystein i samspel med Kristine B. Hestad frå Seimsfoss. Barokkmusikk for to fløyter som klang svært så vakkert i den gamle kyrkja.

Andre del av konserten bestod av det store musikkverket Mariamusikk av Anders Øhrwall. Verket vart framført av dei to arrangørkora saman med solistar frå eigne rekkjer og eit fem manns orkester. Dirigent var sjølvsgatt Maria Malmsten som også til vanleg dirigerer dei to kora.

Mariamusikk er ein hyllest til Jomfru Maria, og det byggjer på eldre Mariatekstar og viser frå Sverige, England, Tyskland og Frankrike.

Det flotte verket vart mektig og godt framført av songarar og musikarar. Kvinnherad kyrkje er skreddarsydd for framføring av slike musikkverk, og det vart ei flott og minneverdig oppleving. Songtekstane vart bundne saman av tekstar framført av resitørane Hulda Bohlin og Lina Storegjerde. Dessutan var Britt Samland songsolist på ein av songane. Alle tre kom svært godt frå oppgåvene sine.

Verket høver og svært godt no i innleiinga til adventstida. Heldigvis var det mange som møtte opp og fekk ta del i det; det angrar dei garantert ikkje på.



Det var eit svært fornøgd publikum som forlet kyrkja.

Solisten og mezzosopranen Britt Samland, ein lokal songar på høgt nivå.



Orkesteret var samansett av ei fin blanding av profesjonelle og dugande amatørar. Det var Anne Guri Frøystein, Kristine B. Hestad (begge tverrfløyte), Kjell Skarsfjord (Cello), Stein Haugen (Kontrabass) og Henrik Nesse (Perkusjon). Orkesteret fungerte svært godt og det var god balanse mellom orkesteret og det mektige og fyldige koret.

Altgruppa og ein del av mannsstemmene i det mektige koret.

Vi håpar at samarbeidet mellom dei to kora om dette musikkprosjektet har gitt meirsmak, slik at dei kan gje publikum liknande musikkopplevingar også seinare. Kormedlemmene har og gjeve uttrykk for at dei syns dei har hatt mykje att av å samarbeida.

Vi i Uskedalen.no gjer oss til talsmann for det store publikummet og takkar både arrangørkora og alle dei andre som bidrog for ei flott musikkoppleving.



Leiar i Røyserett for alle, Svein Rimestad, delte ut velfortente roser til dirigenten Maria Malmsten og andre aktørar.
Av: Thor Inge Døsland.